



## SAMEIET KNARVIK TERRASSE FELLESOMRÅ

Arvid Vatnøy  
Tårnplass 1  
5012 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/238 - 19/18557

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

13.06.2019

## Svar angående hjertemerking i Knarvik

Takk for brev om hjertemerking i Knarvik sentrum.

Sidan det er uklart for oss kven som har tatt initiativ til brevet, ønskjer vi å presisere at svaret kjem til sameiet, ved styreleiar Arvid Vatnøy. Vi ønskjer ein dialog med styret, og håpar det blir rett å gjere det på denne måten.

Å merke dei tryggaste rutane for dei som går og sykklar til nye Knarvik barneskule er del av ein pakke med fleire trafiksikringstiltak, særleg mynta på barn og unge som bur og bevegar seg i Knarvik sentrum. Arbeidet er gjort i tett samspel med leiinga og foreldrearbeidsutvalet på skulen, og målet har vore å trygge elevar som både får ny skuleveg og må orientere seg i ein tettstad med ei rekkje pågåande og framtidige vegprosjekt. Vi har tenkt langsiktig når vi har teikna dei nye rutene, og anbefaler ruter som både tar omsyn til anleggsarbeidet som skjer i Knarvik i dag og det som skal skje dei neste åra.

Hjertemerkinga er gjort i beste meining, for å vise barn og unge i Knarvik kva som er den tryggaste vegen til skulen. Når det gjeld dei tre hjartene på sameiet Knarvik Terrasse sin eigedom, beklagar vi dette. Vi burde tatt kontakt med sameiet på førehand og spurt om lov før vi merka vegen.

Hjartene som er spraya på fortau og vegar i Knarvik i dag er ein kladd. Vi har bestilt kvite, fylte hjarte, som ikkje rakk fram i tide til opning av den nye skulen. Før vi brenner dei kvite hjartene ned i asfalten, ønskjer vi difor å kome i dialog med sameiet – for å høyre om de likevel kan gi kommunen løyve til å merke denne delen av ruta.

Vi er lei for at det vart slik, og håpar på ein god dialog om vegen vidare.

Med helsing

Hogne Haugsdal  
kommunalsjef for samfunnsutvikling og kommunalteknikk

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Arvid Vatnøy

Kvassnesvegen 55 5914

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

SAMEIET KNARVIK TERRASSE  
FELLESOMRÅ

Tårnplass 1 5012

BERGEN